



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/155 - 18/3067

Sakshandsamar:  
Svein Helge Hofslundsengen  
svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.com  
mune.no

Dato:  
15.05.2018

## Tannhelsetenesta - søknad om å delta i prøveprosjekt

Vedlagt følgjer saksutgreiing og vedtak.

Vedtak er og gjengitt under;

**Masfjorden kommune i samarbeid med ein eller fleire kommunar søker om å få delta i prøveprosjekt med tannlege i kommunal regi**

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen  
rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland              Postboks 7310              5020              BERGEN

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - G49	18/155

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2018	Formannskapet	PS	22.03.2018
023/2018	Kommunestyret	PS	03.05.2018

### Tannhelsetenesta - søknad om å delta i prøveprosjekt

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Kartlegging av	14.03.2018
Kartlegging av kommunar som ønskjer å delta i prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta	07.03.2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune i samarbeid med ein eller fleire kommunar søker om å få delta i prøveprosjekt med tannlege i kommunal regi**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Helse- og omsorgsdepartementet har bedt fylkesmannene å kartlegge kva kommunar som ønskjer å delta i ei prøveordning der kommunen overtek ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta frå fylkeskommunen. Dei ber om tilbakemelding frå dei kommunane som ønskjer å vere med i prøveordninga, innan 20. mai 2018.

#### Fakta

Fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen legg til grunn at deltaking i prøveordninga skal vere frivillig og omfatte om lag 15 av kommunane i landet. Der ein fylkeskommunal tannhelse-klinikk omfattar fleire kommunar, må desse kommunane som hovudregel stå samla om ei slik oppgåveoverføring. Samstundes meiner fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen at det bør opnast for unntak i tilfelle enkelte kommunar ikkje ønskjer å vere med i prøveordninga. Føresetnaden er då at denne/desse kommunane kan overførast til ein annan fylkeskommunal/ regional tannhelseklinik.

Ved behandling av Prop. 71 L (2016-2017) *Endringer i helselovgivningen (overføring av det offentlige tannhelsetjenestansvaret, lovfesting av kompetansekrav m.m.)* vedtok Stortinget forslaget til lovendringar, jf. Innst. 378 L (2016-2017). Samstundes vedtok Stortinget følgjande:

I

"*Stortinget ber regjeringen legge til rette for en prøveordning som innebærer at kommuner som ønsker det, etter søknad kan få tillatelse til å overta ansvaret for tannhelsetjenesten fra 2020.*"

II

"*Stortinget ber regjeringen sørge for at prøveordningen som starter i 2020, i de kommunene som ønsker å overta tannhelsetjenesten, følge evalueres frem til 2023. Basert på erfaringene i prøvetiden og endringer i kommunestruktur etter 2020, kan en videre utvidelse til flere kommuner tidligst skje etter 2023.*"

III

"*Stortinget ber regjeringen vurdere behovet for økonomiske incentiver for kommuner som ønsker å overta tannhelsetjenesten.*"

IV

"*Stortinget ber regjeringen komme tilbake med egen sak som vurderer overføring av den samlede tannhelsetjenesten basert på erfaringene fra prøveordningen som kan gi grunnlag for beslutning om overføring fra 2023.*"

V

"*Stortinget ber regjeringen starte arbeidet med å bygge opp tannpleierkompetanse i kommunene. Slik oppbygging av tannpleierkompetanse i kommunene vil ha økonomiske og administrative konsekvenser som regjeringen vil måtte komme tilbake til i budsjettsammenheng.*"

Viser elles til saksvedlegga.

### **Vurdering**

Våren 2016 vart den fylkeskommunale tannhelseklinikken i Masfjorden lagt ned etter vedtak gjort i mars i fylkestinget knytt til ny klinikkstrukturplan for tannhelsa i Hordaland. Masfjorden kommune har i samband med prosess kring ny klinikkstruktur for tannhelsa i Hordaland fylke jobba med å få behalde eller vidareføre tilbodet i kommunen anten i fylkeskommunal, privat eller kommunal regi, og kor dei 2 siste føreset ein driftsavtale med Hordaland fylkeskommune. Dei rammevilkår som fylkeskommunen hittil har tilbydd inneber at kommunen må bere ein stor økonomisk risiko, og treng ein betre avtale. Regjering/ Stortinget har vedteke ei prøveordning, som sikrar betre rammevilkår for dei som fell inn under ordninga, og ein tilrår at kommunen saman med andre kommunar søker om opptak i prøveordninga. I denne omgang er det å melde inn interesse, så må vi komme attende til saka seinare.

### **Konklusjon**

Masfjorden kommune i samarbeid med ein eller fleire kommunar søker om å få delta i prøveprosjekt med tannlege i kommunal regi , jf. skriv frå Fylkesmannen i Hordaland og frå helse- og omsorgsdepartementet.

### **Formannskapet - 025/2018**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrådstes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune i samarbeid med ein eller fleire kommunar søker om å få delta i prøveprosjekt med tannlege i kommunal regi.**

**Kommunestyret - 023/2018**

**KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrådstes vedteke.

**KS - vedtak:**

**Masfjorden kommune i samarbeid med ein eller fleire kommunar søker om å få delta i prøveprosjekt med tannlege i kommunal regi.**